



Sakshandsamar:

Arkivnummer:

Vår dato 05.09.2022

## REFERAT KLASSEFORELDREMØTE for heile 7. trinn

**Tid: 01.09.2022 kl.18:00-19:00** i fellesrommet v/ storkjøkken (nybygg)

- ✓ **Presentasjon**
  - Presentasjon av kontaktlærarar og føresette. Jon, Tina og Tor var tilstades, og 22 føresette.
- ✓ **Oppstart 7a + 7b (litt om mjuk skulestart, lærarar, fag og læringsmål)**
  - Fokus den første tida har vore sosialt og bygge gode relasjonar. Me har vore mykje samla på trinnet, og vil fortsette med det gjennom året.
  - Jon Clausen fortsetter som kontaktlærer i 7B, og Tina Tolo i 7A. Jarle Tverli er også med oss på trinnet dette året. Kristi Flaktveit Mjelstad er assistent på trinnet, samt Almira Omerkadic som er assistent i bassenget.
  - Jon er mattelærer for heile trinnet, og Tina har engelsk og KRLE med heile trinnet.
  - Me vil vera delt i 3 mandagar etter lunsj med naturfag (Jon), kunst og handverk (Tina) og sløyd (Jarle). Ellers blir det oppstart med basseng i september med Jon og Almira, der klassane er der annakvar veka.
  - Etter at begge klassane har vore på leirskule blir det vekeplan som elevane kjenner igjen frå før med mål og kva me gjer på skulen. Samnanger barneskule er ein leksebevisst skule, der me skal gje elevane lekser av ein grunn, og ikkje av gammel vane. Det me ønsker er at elevane skal innarbeide gode vaner for sjølvstendig arbeid, samt at overgangen skal bli smidig frå barneskule til ungdomsskule.
  - Skulen har utarbeida fleire punkt med kjerneverdiane, desse vil me ha fokus på i skulekvardagen vår. Link til verdiane:  
<https://www.minskole.no//DynamicContent//Documents/789-samnanger-Kjerneverdiane-v%C3%A5re---det-betyr-aeddcdd1-448a.pdf>
- ✓ **Det å vere i 7.klasse, eldst på skulen. Ekstra ansvar?**
  - Det føl med eit ekstra ansvar å vera eldst, og me forventer meir av dei no enn tidlegare. Me skal vera gode rollemodellar ovenfor dei yngre elevane, då spesielt med tanke på språkbruk og korleis ein framstår i møte med andre. Ver den beste versjonen av deg sjølv!
  - Me snakka om ordet 'snitching' (dette stod det ein artikkel om i Bergens Tidende 30.08.22). Det som før blei kalla sladrebank er no blitt 'å snitche'. Me må bevisstgjere elevane om at det er ikkje å snitche, men å varsle. Og å varsle er noko me alle har lov og rett til.



Samnanger kommune

- ✓ **Min Skole – frávær, andre meldinger mm + heimeside vekeplanar/ timeplanar**
  - Føring av frávær i Visma Min Skole fungerer godt, samt meldingsutveksling til alle brukarar eller mellom to personer.
  - Vekeplanen vil framover bli lagt ut både på heimesida til skulen, samt sendt ut i Visma for lettere tilgang på mobil. Den vil også bli levert ut i papirformat til elevene.
- ✓ **Val av foreldrekontakt (kun dette året!!)**
  - Foreldrekontakt i 7A er Åsne Naalsund Aldal (2. året) og Erlend Steinsland (ny).
  - Foreldrekontakt i 7B er Renate Utskot (2. året) og Mia Linn Øpstad-Gjerde (ny).
- ✓ **Klassemiljø.**
  - Etter ønske frå elevene vil me ha klinkekuler som belønning når timene har vore gode. Dette blei brukt før jul i 6. klasse. Når glasset er fylt opp skal elevane få bestemme sjølv kva dei vil gjere i ein time. Det er alle sitt ansvar å fylle opp glasset.
  - Nokon av elevene prøver å gjøyme seg når det er friminutt, og må bli mast mykje på for å gå ut. Snakk gjerne med dei heime om at alle må ut når det er friminutt, då me lærarar ofte har vakt i friminuttet og ikkje kan komme for seint til dette.
  - Me tok opp klassemiljø utenfor skuletida. Me utfordrer alle, og ikkje berre klassekontaktene, til å for eksempel ha klassefest eller andre felles samlinger.
- ✓ **LEIRSKULE (NB! Mykje av tida vil nok gå med til dette punktet!)**
  - Sjå eigne skriv som er levert ut om leirskule. Ein endring som kom i siste liten er at 7A går i land på Os fredag, medan 7B reiser ut frå Os mandag.
- ✓ **Åpent for spm./ utspel frå foreldre/føresette.**
  - Det blei uttrykt misnøye frå føresette angående manglande informasjon frå ledelsen omkring skulestart, som til dømes eit infobrev/velkomstbrev. Tilsvarende ynskjer føresette meir informasjon vedrørende person på skuleområdet.
- ✓ **Eventuelt**

**Med vennleg helsing kontaktlærarane i 7A og 7B**

**Tina Tolo og Jon Clausen  
(sign) (sign)**

Postadresse: Tyssevegen 217  
5650 Tysse

Besøksadresse: Nesjavegen 17  
5650 Tysse

Tlf. Skule: 56589980  
SFO: 488 99 549

E-post: [barneskulen@samnanger.kommune.no](mailto:barneskulen@samnanger.kommune.no)  
Heimes.: [www.minskole.no/samnanger](http://www.minskole.no/samnanger)